

Foreldreinfo november 2024

FAU/SU



Det har vore møte i FAU 20.11.2024. Referatet finn du her.

FAU inviterer til felles årsmøte med Bjerkreimskule, Røysekatten barnehage og Storafjellet barnehage. Foredragshaldar blir Kristin Resaland, forfattaren bak boka «Snakk til meg». Meir info kjem!

Fritak frå religionsprega aktivitetar

1.-10.trinn skal ha felles skulegudsteneste 19.desember i Bjerkreim kyrkje. Elevar/føresette har rett til å be om fritak frå å delta på denne etter §14-6 i ny opplæringslov.

Dersom ein ber om fritak vil ein få eit alternativt opplegg på skulen der ein lærer om norske advent- og juletradisjonar for å oppnå same kompetanse mål i læreplanen. Opplæringa vil vere i gruppe med elevar frå 1.-10.trinn samla og bli leia av pedagog.

Send skriftleg melding til kontaktlærar for å registrera ønske om alternativt opplegg i staden for skulegudstenesta.



Ta vare på kvarandre

Det nærmar seg advent, og elevar og voksne er i gang med å skapa stemning i klasseromma. Dette biletet er henta frå 4.kl. sitt klasserom.

Tida fram mot juleferie er prega av tentamen, siste innspurt og mykje annleis-dagar. Det kan vera strevsamt for mange som liker rutinar og vanlege dagar best. Me prøver difor å stressa ned i lag, og oppfordrar dykk heime til det same.

Med ønske om ei god adventstid,

Svanhild Gjedrem

rektor

Gratis foredrag

21.januar 2025
kjem Ole Petter Hjelle med foredraget «Det digitale dopet»
Håper mange set av kvelden til å få med seg dette.

